

## Møtereferat

**Føremål:** Referat frå møte i Fagrådet 01.03.2018  
**Møtetid:** Torsdag 01.03.2018, kl. 10.00 – 14.00  
**Stad:** Møterom LMS  
**Referent:** Gitta Sas  
**Møteleiar:** Mads Rekve  
**Saknr:** 2015/3288

Forventa frammøte:			
Namn:	Tittel:	Eining:	Fråver:
Mads Rekve	Avdelingssjef/Leiar i Fagrådet	Helse Førde HF	
Toril Varden (Leiar)	HMS- og kvalitetssjef	Høyanger kommune/Sogn	X
Hilde Tenold (Vararepr. for Varden)	Rådgjevar	Pleie og omsorg Vik kommune	
Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Koordineringsrådet	Går kl. 12
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/ Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/Sunnfjord	X
Kjell Idar Dvergsdal (Vararepr. for Bruland)	Helse- og sosialsjef	Gaular kommune	X
Kjersti Valvik	Tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/HAFS	
Randi Ytrehus,	Kommunalsjef	Bremanger kommune	X
Kari Krogh (Vararepr. For Ytrehus)	Kommunalsjef	Eid kommune/Nordfjord	X
Trine Vingsnes	Direktør	Kirurgisk Klinikk	
Margun Thue	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	Deltar på video
Laila Haugland	Avdelingsjef	Helse Førde HF	
Anne Stubdal	Praksiskonsulent	Stryn kommune/Helse Førde HF (observatør)	X
Normund Svoen	Praksiskonsulent	Flora kommune/ Helse Førde HF (observatør)	



Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent	Sogndal kommune/ Helse Førde HF (observatør)	X
---------------	------------------	---	---

Nr:	Sakliste:	Tidsrom:
1/18	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste	10.30 – 10.35
2/18	Godkjenning av referat frå møte 14.12.17	
3/18	Konstituering av Fagrådet for perioden fram til november 2019: a) Leiarskifte, ny samansetnad/presentasjonsrunde, gjennomgang av mandat/oppgåver, og møteplan 2018 b) Referat frå samhandlingsmøte 30.01.18 c) Kva saker ønsker ein å arbeide med ? d) Ansvar for å melde og førebu saker	10.35 – 11.00
4/18	Teknologi i helse og omsorg- Ny vidareutdanning hausten 2018	11.00 – 11.30
5/18	Orientering frå praksiskonsulentane	11.30 – 12.00
Føremiddagsmat		
6/18	Samhandlingsavvik – Innleiing v/ Irene Barmen Hoel & Jan Helge Dale	12.30 – 13.30
7/18	Utviklig av «app» for menneske med kronisk lungesjukdom	13.30 – 13.50
8/18	Aktuelle saker/agenda til neste møte	13.50 – 13.55
9/18	Evaluering av møtet v/ leiar Mads Rekve	13.55 – 14.00

Sak nr:	
01/18	<b>Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste</b>  Mads ynskjer velkomen til møte, ved fråver av Toril Varden (avtroppande leiar).  <u>Vedtak:</u> Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentar.
02/18	<b>Godkjenning av referat frå møte 21.09.17</b>  <u>Vedtak:</u> Referat frå møte 14.12.2017 vart godkjent utan kommentar.
03/18	<b>Konstituering av Fagrådet for perioden fram til november 2019:</b>  a) Leiarskifte, ny samansetnad/presentasjonsrunde, gjennomgang av mandat/oppgåver, og møteplan 2018



	<p><b>b) Referat frå samhandlingsmøte 30.01.18</b></p> <p><b>c) Kva saker ønsker ein å arbeide med ?</b></p> <p><b>d) Ansvar for å melde og førebu saker</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Presentasjonsrunde gjennomført av dei som var til stades på møtet.</li><li>- Stig syner presentasjon (vedlegg til referatet) som m.a. inneheld<ul style="list-style-type: none"><li>o mandatet for Fagrådet</li><li>o møteplan 2018</li><li>o kort gjennomgang av formålet og møtefrekvens på andre samhandlingmøte; Koordineringsrådet og Dialogmøte</li></ul></li></ul> <p>Frå diskusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Utfordring å vere kommunal representant i samhandlingsmøta, fordi det ikkje kjem eintydige signal frå kommunane. Grunnen til det er dei ulike kommunale nivå som tek beslutninger og gjev retning.</li><li>- Saksførebuing er viktig i Fagrådet, samt i andre samhandlingsfora.</li><li>- Korleis får vi prioritert dei rette sakene. Det må kome ein struktur på det.</li><li>- Forslag om å lage arbeidsgrupper på ulike aktuelle tema, som kan kome med ei tilråding til Fagrådet/samhandlingsfora.</li><li>- Spesielt gjeldande for tema som rårer pasientgrupper som har hamna litt imellom.</li><li>- Viktig å orientere kvarandre om saker.</li><li>- Ivareta heile behandlingsforløpet for pasientane.</li><li>- Sakene må handsamast og ferdigstillast. Jobbe mot eit samla system Helse Førde/Kommunane.</li><li>- Samhandling bør også dreie seg om pasientane og fag, ikkje berre om økonomiske rammer.</li><li>- Sjå på nasjonale trendar, større pasientgrupper i fokus, når ein skal prioritere saker til samhandlingsfora.</li></ul> <p><u>Vedtak:</u> Fagrådet tek orienteringa til vitande. Innspele vert teke med i det vidare arbeidet.</p>
04/18	<p><b>Teknologi i helse og omsorg- Ny vidareutdanning hausten 2018</b></p> <p>Joanna Galek orienterar frå presentasjon. <i>For nærare informasjon viser ein til presentasjon.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- I tillegg til 3-årig helse- eller sosialfag, kan også ingeniørar søke studieplass.</li><li>- Søknadsfrist 15.04. Korleis vert utdanninga marknadsført.</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forslag om oppslag/plakat på institusjonane i fylket.</li><li>- Nettverk for velferdsteknologi.</li><li>- Informasjonen er teke med i samhandlingsnytt.</li><li>- Kopla på Utviklingssenteret.</li><li>- Vere obs på å skape behov, men vere framtidsretta og ha fokus på tett kopling mellom helse og teknologi.</li><li>- Framtidige løysingar knytt til velferdsteknologi/responscenter var drøfta i Koordineringsrådet 25.01.18.</li></ul> <p><u>Vedtak:</u> Fagrådet oppmodar til støtte til dette studiet, i tillegg til deltaking i utvikling av velferdsteknologi. Ein tek presentasjonen til orientering.</p>
05/18	<p><b>Orientering frå praksiskonsulentane</b></p> <p>Disposisjon:</p> <p><b>Oppgåveoverføring</b></p> <p>Døme på oppgåver som kan gjerast av allmennlege, som p.t. vert teke av spesialist. Dialogmeldingane om utfordringar med tilbakemeldingar på journalar.</p> <p><b>Utdanningsstillingar allmennlegar</b></p> <p>Helse Førde er på veg å avslutte ordninga. Men: Viktig for rekruttering til fylket av gode allmennlegar. Desse stillingane er også viktige fordi at kandidatar i desse stillingane lærer kva oppgåver spesialistane kan spare allmennlegane i kommunane for. LIS1-3 har fått eit utdanningsløp, men det er ikkje ferdig for allmennlegane.</p> <p>Laila Haugland tek med problemstillinga. Fagdirektør Kristine Longfellow vert utfordra å gje signal til neste møte 12.04.2018 om korleis dette vil verte handtert i framtida.</p> <p>Mads tek opp temaet på nytt etter Trine her kome att i møtet. Saka vert teke opp 12.04.2018</p>



### **Allmennlegerepresentasjon i samhandlingsutvalg/prosjekt/møter - honorering**

Allmennlegar må presenterast på andre måtar enn via praksiskonsulentar, men formelle honoreringsordningar er ikkje på plass.

Kven tek kostnaden? Takst 14, som gjeld tverfagleg samarbeid.

Legen som er med i Helse Førde som representant for kommunane, bør sende faktura til si kommune.

Kven er det som bestiller legen inn?

Koordineringsrådet bør uttale seg om dette.

### **Interaktor og rekvirering av prøver/undersøkingar**

Informasjonssak.

Fult utbredt i kommunane, alt vert no gjort elektronisk.

### **Epikrise nyfødte – natus**

Alle nyfødteepikrisar kom på papir. Overgang til elektronisk journal også fullført.

### **Nye HPV rutiner frå 010119**

Orientering om ny retningslinje.

### **Fører kortprosedyre Helse Førde HF**

Praksiskonsulentane har laga ein ny mal. Ny prosedyre er laga og vil kome til høyring i Fagrådet.

Det vil bli spesialisthelsetenesta som skal eige denne prosedyren.

### **Rusavtale - avrusing**

Kort orientering om saka.

### **Akuttmottak - rutiner**

Kort orientering om saka.



### Kurs

Orientering om kurs. Kursa ligg også på Samhandlingskalenderen.

### Samarbeid mellom PKO og ny samhandlingskoordinator

Samhandlingskoordinator vert ein interessant samarbeidspartnar for praksiskonsulentane.

#### Vedtak:

Fagrådet takkar for god informasjon og tek orienteringa til vitande.

Praksiskonsulent tek med innspela vidare.

Fagrådet vil sende ein førespurnad til klinikkdirektørane om dokumentasjon av erfaringar, og ei vurdering om å vidareføre ordninga Utdanningsstillingar for allmenlegar i Helse Førde, med kopi til fagdirektøren.

### Føremiddagsmat

06/18

### Samhandlingsavvik – Innleiing v/ Irene Barmen Hoel & Jan Helge Dale

*Presentasjonen ligg ved referatet.*

Irene går gjennom sju døme på saker vedr innlegging og årsakene til hendingar ved innlegging. I tillegg til at det vert gått gjennom fem saker som dreier seg om hendingar ved utskriving.

Varierende problemområde vert meldt på.

Ein får inn for få meldingar for å kunne identifisere trekk.

Meldingskulturen kan bli betre. Det kan vere personavhengig, kor mange meldingar vert sendt.

Viktig å ha fokus på alvorlege saker som går igjen.

Ein er samde om at eit heilskapleg system er naudsynt.

Skriftleg klagesak får høgare kvalitet sakshandsaming enn Synergimelding.

Legane trenger også hjelp til å varsle saker. Kan vere mangel på kompetanse om korleis, det også vere ei viss vegring mot å melde mot tenestane på sjukehuset.

Helse Førdes prosedyre på oppmoding til å melde, vert opplevd som i orden.

Irene orienterer om at det ikkje er eit krav å bruke skjema på internettsida til Helse Førde. Det kan sendast i eit vanleg skriv.

Viktig at meldinga vert sendt enten i system, eller til Helse Førde på overordna nivå, slik at det vert lagt inn i rett system.



	<p>Største utfordring er, at ein ikkje klarar å sikre at hendingane ikkje gjentar seg.</p> <p>Innspel om å melde alle årsakene til hendingane i Fagrådet.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det blei drøfta om mangel på signert oppdatert medisinliste skulle føre til at pasientane ikkje blei skreve ut før dette var på plass. Nulltoleranse. Tenk spesielt på dei alvorleg sjuke.</li><li>- Metoden er kjent. Sjekklista ved utskriving skal vere ferdigstilt før utreise.</li></ul> <p>Ligg som sak i Koordineringsrådet også (Kari Furevik). Fokus på å isolere ei problemstilling og køyre ein pilot i ein klinikk.</p> <p><b>Vedtak:</b> Fagrådet takkar for god informasjon og tek presentasjonen til orientering. Oppfordring av Fagrådet til å implementere vedtak om å ferdigstille sjekklista (medisinliste) ved utskriving i klinikkane. <b>Fagrådet støtter pågåande prosjekt i Koordineringsrådet.</b> Jan Helge produserer ei sak til neste gong.</p>
07/18	<p><b>Utviklig av «app» for menneske med kronisk lungesjukdom</b></p> <p>Orientering ved Elin Johnsen.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kva kan pasienten gjere sjølv og dokumentere det</li><li>- Det blir stillt spørsmål om behovet for kompetanseheving knytt til denne pasientgruppa.</li><li>- Appen tar mål av seg å tilby vegleiing i dei heilt grunnleggande teknikkar.</li><li>- Elin ynskjer ein ressursperson kommunalt tilsett fysioterapeut.</li><li>- Elin ynskjer å teste ut ein «demoversjon på appen saman med fysioterapeut i kommunane.</li><li>- Innspel til Elin avstandsoppfølging, Helsedirektoratet har lagt ut videoar.</li></ul> <p><b>Vedtak:</b> Fagrådet tek informasjonen til orientering. Ønske om at kommunane freistar å peike ut ein fysioterapeut som kan vere kontaktperson i kvar av dei 4 regionane i fylket. Førspurnaden blir tatt opp i kommunale samarbeidsfora, og tilbakemelding blir gitt samhandlingssjefen i Helse Førde HF</p>



08/18	<b>Aktuelle saker/agenda til neste møte</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Allmenlegar med eit år praksis i sjukehus i samband med allmenlegespesialisering</li><li>- Honorering av legar som deltar i prosjekt</li><li>- Forslag om fagleg innlegg av Hilde Tenold sitt mastergradsarbeid i møte i Fagrådet: <i>«Kva skal til for at distriktskommunar skal lykkast med kommunalt akutt døgnoophald? - Ein kvalitativ studie av samhandling, engasjement, kunnskap og kompetanse innan kommunalt akutt døgnoophald».</i></li></ul>
09/18	<b>Evaluering av møtet v/ leiar Mads Rekve</b> <p>Konstruktivt møte med frisk meiningsbryting, stort engasjement og gode faglege innspel.</p>
Avslutning	